

**Møteprotokoll**

<b>Utval:</b>	<b>Fylkeseldrerådet</b>
<b>Møtestad:</b>	Fjernmøte
<b>Dato:</b>	14.01.2021
<b>Tid:</b>	10:00-14:30

**Følgjande faste medlemmer møte:**

Namn	Funksjon	Representerer
Gunvor Riim Opedal	Medlem	
Kjellbjørg Dagny Lunde	Medlem	
Vigdís Helene Ravnøy	Nestleiar	
Harald Kåre Ekroll	Leiar	
Berit Anita Knudtsen Larsen	Medlem	
Kurt Johnny Hæggernæs	Medlem	PP
Martin Monrad Reigstad	Medlem	

**Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:**

Namn	Funksjon	Representerer
Kristina Vaktskjold Hamre	Medlem	KRF
Kristoffer Skjolden	Medlem	

**Følgjande varamedlemmer møte:**

Namn	Møtte for	Representerer
Henrik Oppen	Kristina Vaktskjold Hamre	AP

**Merknader**

Kristoffer Skjolden fekk ikkje deltatt grunna tekniske problem

**Frå administrasjonen møte:**

Namn	Stilling
Lotte Karoline Lynngård	Rådgjevar / møtesekretær

## Saksliste

Utvals- saksnr	Innhald	Arkiv- saksnr	U.Off
	<b>Godkjenningssaker</b>		
GK 1/21	Godkjenning av innkalling og sakliste		
GK 2/21	Godkjenning av møteprotokoll frå møte i fylkeseldrerådet 08.12.20	2020/77170	
	<b>Referatsaker</b>		
RS 1/21	Referat frå møte i brukerutvalet ved Haraldsplass (HDS) 02.11.20	2020/77154	
RS 2/21	Brev med spørsmål til kommunane om aktivitetstilbod for eldre under koronapandemien frå Pensjonistforbundet	2020/77154	
RS 3/21	Digitalt møte om Den kulturelle spaserstokken	2020/77154	
RS 4/21	TT-ordninga blir felles for heile Vestland	2020/77154	
RS 5/21	Orientering om val og samansetting av eldreråda i kommunane	2020/77154	
RS 6/21	Brev om godtgjersle frå rådet	2020/77154	
RS 7/21	Fylkesbudsjettet med gode tenester som reduserer forskjellane	2020/77154	
RS 8/21	Nyheitsbrev frå E-helse Vestland	2020/77154	
RS 9/21	Webinar - aldersvennlege lokalsamfunn - transport 14.12.20	2020/77154	
RS 10/21	Leve heile livet - møte i koordineringsgruppa 15.12.20	2020/77154	
RS 11/21	Møte med Bergen eldreråd	2020/77154	
RS 12/21	Orienteringar/diskusjon: Møteplan 2021	2020/77154	
	<b>Politiske saker</b>		
PS 1/21	Innspel til Handlingsprogram for trafikktrygging i Vestland 2022 - 2025	2020/77154	
PS 2/21	Innspel til landskonferanse for fylkeskommunale eldreråd 2021	2020/77154	
PS 3/21	Kartlegging av tilgjengelegheit på turvegar i Vestland 2020	2020/77154	
PS 4/21	Fråsegn - Bekymring for endringar i bussforholda for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne		

## Godkjenningssaker

### GK 1/21 Godkjenning av innkalling og sakliste

#### Saksprotokoll i fylkeseldrerådet - 14.01.2021

Innkallinga vart godkjend utan merknadar.

Kurt Johnny Hæggernæs (Pp) sette fram slikt forslag:

«Sette ny sak på kartet: Bekymring for endringar for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne i bussforholda»

Rådet samrøystes vedtok at saka settast på kartet.

Saklista vart godkjend med dei merknadane som er nemnd over.

### GK 2/21 Godkjenning av møteprotokoll frå møte i fylkeseldrerådet 08.12.20

#### Saksprotokoll i Fylkeseldrerådet - 14.01.2021

Møteprotokoll frå møte i fylkeseldrerådet 08.12.20 vart godkjend utan merknadar.

## Referatsaker

### RS 1/21 Referat frå møte i brukertvalet ved Haraldsplass (HDS) 02.11.20

#### Saksprotokoll i fylkeseldrerådet - 14.01.2021

RS 1/21 vart referert.

### RS 2/21 Brev med spørsmål til kommunane om aktivitetstilbod for eldre under koronapandemien frå Pensjonistforbundet

#### Saksprotokoll i fylkeseldrerådet - 14.01.2021

RS 2/21 vart referert.

### RS 3/21 Digitalt møte om Den kulturelle spaserstokken

#### Saksprotokoll i fylkeseldrerådet - 14.01.2021

RS 3/21 vart referert.

### RS 4/21 TT-ordninga blir felles for heile Vestland

#### Saksprotokoll i fylkeseldrerådet - 14.01.2021

RS 4/21 vart referert.

### RS 5/21 Orientering om val og samansetting av eldreråda i kommunane

#### Saksprotokoll i fylkeseldrerådet - 14.01.2021

RS 5/21 vart referert.

## **RS 6/21 Brev om godtgjersle frå rådet**

**Saksprotokoll i fylkeseldrerådet - 14.01.2021**

RS 1/21 vart referert.

## **RS 7/21 Fylkesbudsjettet med gode tenester som reduserer forskjellane**

**Saksprotokoll i fylkeseldrerådet - 14.01.2021**

RS 7/21 vart referert.

## **RS 8/21 Nyheitsbrev frå E-helse Vestland**

**Saksprotokoll i fylkeseldrerådet - 14.01.2021**

RS 8/21 vart referert.

## **RS 9/21 Webinar - aldersvennlege lokalsamfunn - transport 14.12.20**

**Saksprotokoll i fylkeseldrerådet - 14.01.2021**

RS 9/21 vart referert.

## **RS 10/21 Leve heile livet - møte i koordineringsgruppa 15.12.20**

**Saksprotokoll i Fylkeseldrerådet - 14.01.2021**

RS 10/21 vart referert.

## **RS 11/21 Møte med Bergen eldreråd**

**Saksprotokoll i fylkeseldrerådet - 14.01.2021**

RS 11/21 vart referert.

## **RS 12/21 Orienteringar/diskusjon: Møteplan 2021**

**Saksprotokoll i fylkeseldrerådet - 14.01.2021**

RS 12/21 vart referert.

## **Politiske saker**

### **PS 1/21 Innspel til Handlingsprogram for trafikktrygging i Vestland 2022 - 2025**

Forslag til vedtak

Fylkeseldrerådet vedtek å gi uttale til innspel til Handlingsprogram for trafikktrygging i Vestland 2022-2025.

## Saksprotokoll i fylkeseldrerådet - 14.01.2021

Harald Ekroll sette fram slikt forslag:

### «INNSPEL TIL HANDLINGSPROGRAM FOR TRAFIKKTRYGGING I VESTLAND 2022 - 2025

Fylkeseldrerådet vil spele inn følgjande til Handlingsprogrammet for trafikktrygging i Vestland 2022 - 2025.

Kollektivtransport:

Bussmateriell må tilpassast alle reisande og vere universelt utforma. Det må vere god sikring av passasjerane, tydelege og gode signal på stoggestadar, lyd og lesbart både i bussen og på haldeplassane.

Haldeplassane må vere universelt utforma med enkel av og påstigning. God lyssetting. Haldeplassane må plasserast slik at det ikkje oppstår trafikkale problem, vi tenkjer då på god sikt for andre køyrety og stogg utanfor køyrabana. På store haldeplassar som t.d i Bergen og Førde m.v. bør det vere hjelp tilgjengeleg for å hjelpe passasjerar til rette, t.d. med bagasje handtering og informasjon.

Gåande og syklande:

For gåande og syklande er det viktig å intensivere utbygging av gang- og sykkelveggar. Det er eit stort etterslep for slike tiltak i fylkesvegane og kommunale vegar. På det mest trafikkerte stadane bør sykkelveggar vere adskilt frå gangveggar. God merking med skilt m.v. er viktig. God lyssetting.

Rådet meiner at når det vert bygt nye veggar må det vere ein sjølvstøtt ting at det vert lagt til rette også med gang- og sykkelveg. Dette vil også verte rimelegare enn å ta dette etter at vegane er ferdig.

Det er også viktig at gang- og sykkelveggar vert godt skilt frå køyrabana. Dette for å hindre påkøyringsulukker. Gang- og sykkelveggar som kryssar vegbana må leggjast opp utan kantar o.l som vanskeleggjer kryssing. Rådet meiner at slike tiltak er gode folkehelseiltak og bør få høgare prioritet. Høgare løyvingar for å få utbygt fleire gang og sykkelveggar er turvande.

Trygge skuleveggar:

Trygge skuleveggar må ha høg prioritet. Det bør vere opplæring i trafikkikkerheit i dei vidaregåande skulane og god informasjon om trafikkikkerheit til alle grupper.

Billettering:

Systema for billettering må samordnast og leggjast opp slik at det blir enklare og meir oversiktlege og bestille billetter til heile reise. Gjennomgåande billettering.

Møte- og utforkøyringsulukker:

For å minimere møte og utforkøyringsulukker må det på dei mest trafikkerte vegane monterast vegdelar og god sikring mot utforkøyring og mot gang - og sykkelveggar.

Rassikring, utbetring av flaskehalsar og nytt dekke der det er nedslitt er også viktige tiltak i trafikktryggleikssamanheng.

Høyring:

Rådet meiner at når det er utarbeid eit framlegg til plan må den sendast ut på ei brei høyring.»

Gunvor Riim Opedal sette fram slikt forslag:

«Kredittkort skal òg kunne brukast som betaling utan straffegebyr.»

### **Avrøysting**

Ekroll sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Opedal sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

#### **INNSPEL TIL HANDLINGSPROGRAM FOR TRAFIKKTRYGGING I VESTLAND 2022 - 2025**

Fylkeseldrerådet vil spele inn følgjande til Handlingsprogrammet for trafikktrygging i Vestland 2022 - 2025.

Kollektivtransport:

Bussmateriell må tilpassast alle reisande og vere universelt utforma.

Det må vere god sikring av passasjerane, tydelege og gode signal på stoggestadar, lyd og lesbart både i bussen og på haldeplassane.

Haldeplassane må vere universelt utforma med enkel av og påstigning. God lyssetting.

Haldeplassane må plasserast slik at det ikkje oppstår trafikkale problem, vi tenkjer då på god sikt for andre køyrety og stogg utanfor køyrabana.

På store haldeplassar som t.d i Bergen og Førde m.v. bør det vere hjelp tilgjengeleg for å hjelpe passasjerar til rette, t.d. med bagasje handtering og informasjon.

Gåande og syklande:

For gåande og syklande er det viktig å intensivere utbygging av gang- og sykkelveggar. Det er eit stort etterslep for slike tiltak i fylkesvegane og kommunale veggar.

På det mest trafikkerte stadane bør sykkelveggar vere adskilt frå gangveggar. God merking med skilt m.v. er viktig. God lyssetting.

Rådet meiner at når det vert bygt nye veggar må det vere ein sjølvstøtt ting at det vert lagt til rette også med gang- og sykkelveg. Dette vil også verte rimelegare enn å ta dette etter at vegane er ferdig.

Det er også viktig at gang- og sykkelveggar vert godt skilt frå køyrabana. Dette for å hindre påkøyringsulukker. Gang- og sykkelveggar som kryssar vegbana må leggest opp utan kantar o.l som vanskeleggjer kryssing.

Rådet meiner at slike tiltak er gode folkehelseiltak og bør få høgare prioritet. Høgare løyvingar for å få utbygt fleire gang og sykkelveggar er turvande.

Trygge skuleveggar:

Trygge skuleveggar må ha høg prioritet.

Det bør vere opplæring i trafikksikkerheit i dei vidaregåande skulane og god informasjon om trafikksikkerheit til alle grupper.

Billettering:

Systema for billettering må samordnast og leggest opp slik at det blir enklare og meir oversiktleg og bestille billetter til heile reise. Gjennomgåande billettering.

Kredittkort skal òg kunne brukast som betaling utan straffegebyr.

Møte- og utforkøyringsulukker:

For å minimere møte og utforkøyringsulukker må det på dei mest trafikkerte vegane monterast vegdelar og god sikring mot utforkøyring og mot gang - og sykkelveggar.

Rassikring, utbetring av flaskehalsar og nytt dekke der det er nedslitt er også viktige tiltak i trafikktryggleikssamanheng.

Høyring:

Rådet meiner at når det er utarbeid eit framlegg til plan må den sendast ut på ei brei høyring.

## **PS 2/21 Innspel til landskonferanse for fylkeskommunale eldreråd 2021**

Forslag til vedtak

Fylkeseldrerådet vedtek å gi innspel til landskonferanse for fylkeskommunale eldreråd 2021.

### **Saksprotokoll i fylkeseldrerådet - 14.01.2021**

**Kurt Johnny Hæggernæs (Pp)** sette fram slikt forslag:

«Saken utsettast til neste møte. Medlemene i rådet kjem med innspel til forslag.»

#### **Avrøysting**

Hæggernæs sitt forslag vart samrøystes vedteke.

#### **Vedtak**

Saken utsettast til neste møte. Medlemene i rådet kjem med innspel til forslag.

## **PS 3/21 Kartlegging av tilgjengelegheit på turvegar i Vestland 2020**

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan tilråding.

Fylkeseldrerådet i Vestland vedtek å gi uttale om kartlegging av tilgjengelegheit på turvegar i Vestland.

### **Saksprotokoll i fylkeseldrerådet - 14.01.2021**

**Harald Ekroll** sette fram slikt forslag:

«SLUTTRAPPORT KARTLEGGING AV TILGJENGELEGHEIT PÅ TURVEGAR I VESTLAND 2020

Fylkeseldrerådet er svært positiv til det arbeidet som er gjort med å kartlegge og registrere dato om dette i Norgeskart.

Det er likevel berre 12 kommunar som er kartlagt og registrert så langt.

Fylkeseldrerådet som på slik kartlegging og registrering som eit godt folkehelse tiltak.

Vi vil derfor oppfordre Vestland fylkeskommune om å søke til Kartverket om løyving for 2021 for å kunne halde fram med arbeidet i dei resterande kommunane. Samstundes må fylkeskommunen, om det kjem løyving frå Kartverket, sette av nødvendige løyvingar til prosjektet, tilpassa kva som er mogeleg å få utført i 2021.

Målet må vere at innan to år bør alle kommunane i Vestland vere kartlagt og registrert i Norgeskart.

Dette vil gjere det enklare for brukarane å kunne finne fram til kva som er tilgjengeleg av turvegar i kommunane.

Fylkeseldrerådet ser på ei slik investering som eit godt folkehelse tiltak og godt i tråd med prioriteringar i høve folkehelse satsing både frå sentrale styresmakter og i fylkeskommunen.»

### **Avrøysting**

Ekroll sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

#### **SLUTTRAPPORT KARTLEGGING AV TILGJENGELEGHEIT PÅ TURVEGAR I VESTLAND 2020**

Fylkeseldrerådet er svært positiv til det arbeidet som er gjort med å kartlegge og registrere dato om dette i Norgeskart.

Det er likevel berre 12 kommunar som er kartlagt og registrert så langt.

Fylkeseldrerådet som på slik kartlegging og registrering som eit godt folkehelse tiltak.

Vi vil derfor oppfordre Vestland fylkeskommune om å søke til Kartverket om løyving for 2021 for å kunne halde fram med arbeidet i dei resterande kommunane. Samstundes må fylkeskommunen, om det kjem løyving frå Kartverket, sette av nødvendige løyvingar til prosjektet, tilpassa kva som er mogeleg å få utført i 2021.

Målet må vere at innan to år bør alle kommunane i Vestland vere kartlagt og registrert i Norgeskart.

Dette vil gjere det enklare for brukarane å kunne finne fram til kva som er tilgjengeleg av turvegar i kommunane.

Fylkeseldrerådet ser på ei slik investering som eit godt folkehelse tiltak og godt i tråd med prioriteringar i høve folkehelse satsing både frå sentrale styresmakter og i fylkeskommunen.

## **PS 4/21 Fråsegn - Bekymring for endringar i bussforholda for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne**

### **Saksprotokoll i fylkeseldrerådet - 14.01.2021**

Saka vart lagt fram utan saksframlegg.

**Kurt Johnny Hæggernæs (Pp)** sette fram slikt forslag:

**«Bekymring for endringar for eldre og personar med nedsett funksjonsevne i bussforholda.**

Eldrerådet i Vestland fylke er bekymra over endringane i bussforholda for eldre og svaksynte.

Årsaka til dette er følgjande:

I alle nye bussar frå 2020 er dei røde stoppsignala inne i bussen fjerna og erstatta med informasjonsskjermvarsel framme i bussane. Dette medfører at mange eldre og svaksynte får redusert moglegheita til å følge med om bussen vil stoppe eller ikkje på neste busshaldeplass.

Informasjonen på skjermene ruller med forskjellig informasjon noko som reduserer oppfatninga for stoppsignal. Dette er verst for dei svaksynte.

I tillegg er fleire av seta nå snudd i ein del bussar slik at det er sete både med og mot køyreretninga. Da blir stoppsignal og informasjonstavlene for seta som vender bakover i bussen umogleg å sjå.

I tillegg er det endringar på busshaldeplassar. Før var det rutetabellar som informerte om rutetider og avgangar. Nå erstattast dette av ei såkalla QR-kode som du må scanne inn på passasjerens mobiltelefon og som du da får tilgang til rutetabellar.

I tillegg så er vi bekymra over at betaling nå skal skje via mobiltelefon og appar.



Eldrerådet kan ikkje akseptere denne endringa og ber Vestland fylkeskommune iverksette tiltak som gir eldre og svaksynte eit alternativ på ovannemnte forhold.»

**Martin Monrad Reigstad** sette fram slikt forslag:

«Tillegg:

Fylkeseldrerådet krev at Skyss tar med brukarmedverknad til nye teknologiske løysingar.»

**Vigdis Helene Ravnøy** sette fram slikt forslag:

«Tillegg:

Bussen stoppar ofte med altfor stor avstand til fortauet. Og mange bussar senker ikkje inngangsdøra for eldre og andre personar med innskrenka mobilitet.»

### **Avrøysting**

Hæggernæs sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Reigstad sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Ravnøy sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

#### **Bekymring for endringar for eldre og personar med nedsett funksjonsevne i bussforholda.**

Eldrerådet i Vestland fylke er bekymra over endringane i bussforholda for eldre og svaksynte.

Årsaka til dette er følgjande:

I alle nye bussar frå 2020 er dei røde stoppsignala inne i bussen fjerna og erstatta med informasjonsskjermvarsel framme i bussane. Dette medfører at mange eldre og svaksynte får redusert moglegheita til å følge med om bussen vil stoppe eller ikkje på neste busshaldeplass.

Informasjonen på skjermene ruller med forskjellig informasjon noko som reduserer oppfatninga for stoppsignal. Dette er verst for dei svaksynte.

I tillegg er fleire av seta nå snudd i ein del bussar slik at det er sete både med og mot køyreretninga. Da blir stoppsignal og informasjonstavlene for seta som vender bakover i bussen umogleg å sjå.

Bussen stoppar ofte med altfor stor avstand til fortauet. Og mange bussar senker ikkje inngangsdøra for eldre og andre personar med innskrenka mobilitet.

I tillegg er det endringar på busshaldeplassar. Før var det rutetabellar som informerte om rutetider og avgangar. Nå erstattast dette av ei såkalla QR-kode som du må scanne inn på passasjerens mobiltelefon og som du da får tilgang til rutetabellar.

I tillegg så er vi bekymra over at betaling nå skal skje via mobiltelefon og appar.

Eldrerådet kan ikkje akseptere denne endringa og ber Vestland fylkeskommune iverksette tiltak som gir eldre og svaksynte eit alternativ på ovannemnte forhold.

Fylkeseldrerådet krev at Skyss tar med brukarmedverknad til nye teknologiske løysingar.